

Kunsten, verda, og det som står imellom

«Vindusutstilling»

av: Katrin Rusten, Haruka Fukao, Daniela Bergschneider, Christian Dupont

Sted: Kraft, Bergen

01.05-31.05.2020

Eg visste ikkje kva klokka var. Telefonen min gjekk tom for straum då eg gjekk over fjella, for å kome til byen. Eg var heller ikkje sikker på kva dag det var. Men, det spelar inga rolle. Eg skulle likevel sjå kunst. På Kraft er det no ei utstilling i vindaugo, med arbeid av fire avgangsstudentar frå Kunstakademiet, KMD, UiB. Studentane frå i år, som blir definert som kunsthandverkarar, og får stille ut her, er; Haruka Fukao, Daniela Bergschneider, Katrin Rusten, og Christian Dupont. Eigentleg skulle dei ha stilt ut inne, men korona-krisa har i ei tid stengd ned kunstutstillingar, og nye rom for kunst har blitt utprøvd. Nye måtar å føre dialog. Somme har flytta kunsten inn i digitale rom, men ein skjerm kan aldri erstatte møtet med kunsten i rommet. Eg trur eigentleg ikkje at det eksisterer eit godt nok alternativ til kunstutstillingar.

Mest sansynleg hadde eg ikkje lagt merke til utstillinga om eg ikkje visste at den var der. Eg er ikkje av typen som ser inn gjennom vindaugo, når eg går gjennom byen. Det betyr kanskje at denne utstillinga når eit anna publikum; folk som likar å sjå inn i butikkar dei passerar. Dei som kanskje kan oppdage denne utstillinga heilt tilfeldig.

Når ein ser gjennom eit vindauge, er ein to stadar på same tid. Vindauget er eit objekt. Er eit ekstra lag, og ei grense, og noko som bind saman utsida, og innsida. Verkelegheita speglar seg, og forstyrrer, på same tid som den legg noko til det som ligg bak. I mine førsøk på å sjå utstillinga, såg eg byen betre enn kunsten. Eg trur ikkje det var intensjonen med utstillinga; at byen skulle kome klarare fram.

Eit ubehag i augekroken fekk blikket til å flakke mellom gata, og vindauget. Min stillestående posisjon som betraktar, blei altfor synleg. Ein kan ikkje bli borte i kunsten, når ein blir så bevisst seg sjølv. Eg prøvde å late som om verda rundt meg ikkje var der, og at vindaugo var små univers eg kunne gå inn i. Bak glaset kunne eg sjå ulike objekt. Men kunsten veik liksom unna. Eller eg glei unna, som ein gullfisk på utsida av gullfiskbollen. Oksygenmangel. Mangel på stillheita som ofte ligg i lufta, i gallerirommet. Innhaldet i kunsten blei borte i vindauget si flate, og vindauget blei det mest meiningsbærande. For, me har mykje me kan diskutere kring det som ligg mellom kunsten og folket. Ein avstand me med fordel kan jobbe for å redusere, for å unngå at galleriromma ender opp som visuelle ekko-kammere. Det å ha utstillingar i vindauge, kan vere med på å forkorte denne avstanden. Når ein blir eksponert for kunst i kvardagen, kan det bli lettare å gå inn i galleriromma. For, om kunsten av mange nok blir oppfatta som lukka, og lite samfunnsaktuell, så har dei rett. Kunsten er avhengig av dialog. Kanskje det at dialogen har blit vanskeleg når samfunnet stenger ned, kan bidra til at me jobbar meir for å opne opp meir, slik at kunsten kan vere ein aktiv del i pågåande samtalar, og diskusjonar. Som ein del av byen, av samfunnet, av verda. Slik at kunsten kan vere glaset imellom, som tillet at ein kan flytte synsfeltet, og sjå fleire perspektiv på same tid.

Bak eit av vindaugo, såg eg Haruka Fukao sine voodoo-aktige tøydukker, leirefigurar, og gryter. Ei slags blanding av matlaging og rituale. Eg klarte ikkje sjå samanhengan mellom objekta, og kanskje burde eg ha sett ein av dei fire performancer som skal vere i dette vindauget i løpet av utstillingsperioden. Men det har eg ikkje gjort. Dei fleste andre som

går forbi, har nok heller ikkje sett det. Mot den eine vinduskarmen stod ei tøy-hand, med nokre av fingrane peikande opp. Andre av fingrane hang slapt ned, som på ein hanske.

I eit av dei andre vindaugo, hang noko som likna eit piggsvinskin, over ein metallstruktur. Eit piggsvinskin forstørra veldig mange gonge. Piggane var laga av ljós leire, festa saman med tekstil. Arbeidet er gjort av Daniela Bergschneider. Kroppen min var rastlaus, og blikket klarte ikkje slå seg ikkje til ro på den eine eller andre sida av glaset. Så gjekk eg vidare. Vekk frå utstillinga.

Dagen etter låg det snø utanfor huset mitt. Det skal ikkje snø i mai. Ikkje her. Eg reiste likevel ned til byen for å prøve atter ei gong å sjå denne utstillinga. Vinden var ein iskald ven, som ville halde meg med selskap. I det første vindaugget låg framleis Fukao sine dukker. Med raude, påsydde munnar, og auge. Denne gongen la eg merke til ein video som blei projisert på tekstil, i bakgrunnen. Vinden var snart under huden min. Kulda på veg inn mot knoklane. Kunsten var for langt borte bak glaset. Bak byen sin refleksjon. Lyden av ein høgtrykkspylar. Trafikken. Vinden klarte ikkje blåse lydane vekk. I det neste vindaugget stod keramiske hybridar mellom bygningar, og vasar, av Christian Dupont. Dei krokete, kvite formene funka utruleg godt visuelt, mot speglinga av det mørke mursteinsbygget. Kontrasten mellom det kvite, knudrete, og refleksjonen av det mørke, tunge bygget. Men eg var for kald til å kome forbi overflata. Forbi det visuelle. Så fekk eg lyst på ei jakke av Bergschneider sitt piggsvinskin. Eg putta min kalde snute ned i skjerfet, og gjekk til det siste av dei fire vindauga. Denne gonga la eg merke til den digitale veven, bak dei spinkle garnkveilane som heng over eit lite stativ. Katrin Rusten sin vev, har same farge som bygningen som reflekterer seg i flata. Lurer på om det er eit bevisst val. Fargane. Eg trur ikkje det. Mest sannsynleg har det oppstått som eit heldig uhell. Her oppstår det noko interessant når ein endrar fokuset i blikket. Noko med måtane veven flyt saman med byen sin tunge materie. Men å stå ute og sjå inn, når verkelegheita var så påtrengande, blåsande kald, blei for vanskeleg. Difor gjekk eg. Atter ei gong. På veg vidare, lurte eg på om eg skulle lese utstillingsteksten på nettsida. Oftast ser eg først utstillingar utan å lese utstillingsteksten. Kunsten må få lov til å sei sitt. Før orda kjem. Ord kan somme gonge lukke dører. Etter to forsøk, hadde eg ikkje klart å trenge inn til kunsten bak glaset. Eg bestemte meg for å gå attende atter ei gong i morgon. Og dagen etter. Og dagen etter det igjen. Til slutt gjekk eg forbi kvar dag, for å sjå utstillinga. Men eg kom eigentleg aldri nærare det som var bak glaset.

Eg får tilsendt foto frå utstillinga. Og, eg les tekstane på nettsida til Kraft. Utstillinga fungerer så utruleg godt på foto. Når dokumentasjonen blir betre enn utstillinga, har noko blitt feil. I tillegg er det noko som blir feil i tekstane om kunstnarane. Tekstane på nettsida framstår som pompøse, og i tillegg; som om dei er laga i ein tekstgenerator. Store ord, med lite innhald. Det liknar eit forsøk på å fernissere, eller glassere arbeida med ord.

Ei utstilling i reflekterande vindauge, vil alltid handle om både kunsten, vindauge, og verda utanfor. Anten ein vil eller ei. Difor understrekar utstillinga behovet for å ha opne kunstutstillingar. Eit bevis på at me ikkje kan nøye oss med å sjå kunsten på skjermar. Og, at det hller ikkje er nok å sjå gjennom glaset i vindaugo, i kalde gater. Ein anna dag blir desse arbeida kanskje plassert i eit anna rom. No står dei her, og viser viktigheita av å ha opne kunstutstillingar. Samstundes snakkar dei om avstanden som kan oppstå mellom kunsten, og resten av verda. Den samtalen er det på høg tid å ta betre tak i. Fysisk. Noko som betyr at dette formatet ikkje er ferdig utprøvd.